



Forum Arkitekter AS  
Damsgårdsveien 16  
5058 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/2603 - 21/40599

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@alver.kommune.no

Dato:

14.06.2021

## **Dispensasjonsvedtak til klagevurdering - gbnr 336/10 Ådland nordre**

Tiltak:

Byggjestad:

Gbnr: 336/10

Tiltakshavar:

Tor Christian Sivertsen

Ansvarleg søkjar:

Forum Arkitekter AS

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 09.05.2021 der følgjande vedtak vart gjort:

Saksnr.	Utval	Møtedato
087/21	Utval for areal, plan og miljø	09.06.2021

**Byggesak GBNR 336/10 Ådland nordre - Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø og frå grensa på maksimal storleik på fritidsbustadar fastsatt i kommunedelplan for Meland Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Utval for areal, plan og miljø gir medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå byggegrense mot sjø. Søknad om dispensasjon frå maksimal storleik på 120 m<sup>2</sup> BRA vert avslått.

Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Fritidsbustaden skal ha ein maksimal storleik på 120 m<sup>2</sup> BRA.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. Fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, j. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Fvl. § 27b.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

